

# Reglement for godtgjersle til medlemmer i Fellesnemnda og underliggende arbeidsgrupper

## 1 Møtegodtgjersle

Det vert utbetalt møtegodtgjersle etter to grupper. Godtgjersla vert utbetalt for kvart møte.

Vi tek utgangspunkt i fylkeskommunen sine satsar, som pr. i dag er kr. 1.380,- pr. møte.

Leiarane vert godtgjort med 100 % av satsane, andre møtedeltakarar med 85 %.

### 1.1 Gruppe 1 – Fellesnemnda

Leiar i Fellesnemnda kr. 1.380,- pr. møte

Medlemmer i Fellesnemnda kr. 1.173,- pr. møte

### 1.2 Gruppe 2 - Arbeidsgrupper nedsett av fellesnemnda

Leiarar i arbeidsgruppene kr. 920,- pr. møte

Medlemmer i arbeidsgruppene kr. 782,- pr. møte

Ved møte i arbeidsgruppene som varar kortare enn/ lik tre timar vert det utbetalt 50 % av godtgjersla. For møte som varer lengre enn tre timar vert det utbetalt 100 % godtgjersle.

Vara i enkeltsaker skal ha utbetalt 50 % av godtgjersla.

### 1.3 Telefonmøte

Ved telefonmøte og nettmøte vert det utbetalt godtgjersle etter punkt 1.2.

### 1.4 Utbetaling

Møtegodtgjersle vert utbetalt på grunnlag av faste skjema. Møteleiar attesterer for oppmøte.

## 2 Vederlag for tap av inntekt

Kommunelova seier at alle kommunale folkevalde har rett til erstatning for tap i ordinær inntekt som følgjer direkte av vervet. Ein har og rett til vederlag for dei utgiftene ein har på grunn av vervet, t.d. utgifter til barnepass/ leige av vikar.

Vederlag for tapt arbeidsinntekt er knytt til møtetid og nødvendig reisetid. Vederlaget skal dekkja løn, feriepengar og påførde utgifter etter punkt 2.5.

### 2.1 Vederlag for tap av arbeidsinntekt

Folkevalde har rett på vederlag for dokumentert tap av arbeidsinntekt som følgje av ombodet avgrensa til kr. 1.900,- pr. dag. Dersom inntektstapet er større enn kr. 1.900,- kan det betalast vederlag for legitimert inntektstap opp til kr 3.600,- pr. dag.

### 2.2 Legitimert tap av arbeidsinntekt

For folkevalde som får tap i arbeidsinntekta på grunn av kommunale verv, dekker kommunen dette tapet, løn og feriepengar, på grunnlag av attest frå arbeidsgjevar, opp til dokumentert sats pr. møtedag. Dersom den folkevalde har fri med løn til politisk arbeid, og det er arbeidsgjevar som sender krav til kommunen, dekker kommunen arbeidsgjevaravgift av inntil dokumentert sats.

### 2.3 Sjølvstendig næringsdrivande, ulegitimert tap av inntekt

Sjølvstendig næringsdrivande som kan dokumentera tap i inntekt på grunn av kommunale verv, får dekkja dette tapet opp til dokumentert sats pr. møtedag.

- Møtesats pr. dag kr. 1.900,-.

## **2.4 Sjølvstendig næringsdrivande, legitimert tap av inntekt**

Sjølvstendig næringsdrivande som kan dokumentera tap i inntekt på grunn av kommunale verv, får dekkja dette tapet opp til dokumentert sats pr. møtedag. Dersom tapet er større enn dette, kan det på grunnlag av skriftleg dokumentasjon utbetalast vederlag med inntil kr. 3600,- pr. dag.

Tapet kan dokumenterast med likningsattest. Inntektstap vert utrekna etter netto årsinntekt (netto jordbruksinntekt/anna næringsinntekt) dividert med 240 dagar. Tapet kan og dokumenterast med attest over kostnadane med vikar.

## **2.5 Vederlag for påførde utgifter**

Folkevald skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet.

Det gjeld ein sats for legitimerede utgifter og ein sats for ulegitimerte utgifter.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter vil m.a. kunne vere utgifter til stadfortredar, barnetilsyn og stell av sjuke og eldre.

Dekking av utgifter til nødvendig tilsyn kan givast til folkevald som har omsorgsansvar for barn under 12 år, eldre, uføre eller funksjonshemma.

Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

- |  |                   |
|--|-------------------|
| - Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter | Inntil kr 1 370,- |
| - Vederlag for påførde legitimerede utgifter | Inntil kr 2 515,- |

## **2.6 Unnateke for vederlag**

Folkevalde som er tilsette i kommunal verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivareta kommunale verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsforteneste. Ved slikt fråvær har vedkomande eining/arbeidsgivar rett til å krevje refusjon.

## **2.7 Innsending av krav om vederlag**

Krav om vederlag skal førast på faste skjema, eitt skjema for kvart møte. Møteleiar attesterer for ulegitimert tap av inntekt og for påførde utgifter.

## **3 Reisegodtgjersle**

Alle medlemmar av politiske organ har rett til reisegodtgjersle etter dei reglane som til ei kvar tid gjeld i Statens reiseregulativ. Det vert elles vist til statens reiseregulativ for reiser innanlands og til statens reiseregulativ for reiser utanlands.

Reisegodtgjersle vert utbetalt etter innsendt reiserekning på fastsett skjema.

Reisene skal samordnast så langt det er føremålstenleg ut frå ei vurdering av kostnadene og den tida som går med.

## **4 Tolking av reglane for godtgjersle**

Leiar i fellesnemnda skal handsama tolkingsspørsmål/ tvilstilfelle i samband med reglane for tapt arbeidsforteneste og godtgjersle for folkevalde.

## **5 Anna**

Alle krav må leverast snarast mogeleg, og innan 4. månader.

Satsane for møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsinntekt skal regulerast automatisk kvart år pr. 01.05. i samsvar med den gjennomsnittlege lønsveksten i kommunesektoren, slik denne vert berekna av KS i samband med lønsoppgjeret.